MA

Rollag stavkirkes restaurering. 1432

Rollag s, p, k, Buskerud

# Dokumentliste

Statsforvaltningen

Sak

Merknader

Dokumentets art

Datum

Dok. nr.

X-039. Rekvireres fra Statens trykksakekspedisjon

A/S KAARE GRYTING, ORKANGER 30 000

Rollag stavkirke, Rollag, Buskerud.



Avskrift frå Kallsbok. Skrive av sokneprest O. Urdahl.

Restaurering av Rollag kyrkja.

I året 1932 vart Rollag kyrkja restaurert. Ho var då sveit til nedfalls, var gjesi og kald, skeiv og skakk. Serleg halla ho sterkt mot sud. Ho vart då oppskruva og fekk ny grunnmur under det sudvestre hyrna av langskipet. Under murhyrnorne vart det grave 1 m djupt og fyllt med stein og cement, so muren ikkje skulle siga. Murane vart foga med cement. I koret og i skipet vart det lagt nytt golv med stubbegolv, tjørepapp og brent leir under. Yver kor og skipshimling vart det lagt tjørepapp med leirfyll ovanpå. Yver ~~kor og skipshimling~~ det att vart det lagt golv so nær som yver korhimlingen.
Veggene i koret vart drivne utvendig med tjøredrev (stry), det same vart og gjort med tiljer og loft i skipet. Paneltilbygget i vestskipet fekk ein millomvegg av bord. Denne vart so kledd med kraftpapp, ullpapp og tjørepapp. Dei store vindaugsruter i det sundre og nordre tverrskip, vart umbytta med mindre ruter, so dei vart i stil med dei vindaugo. I den austre korvegg vart dei to vindaugo der att

ret var på framsida av altarringen. Denne vart no stengt. Alt dette vart gjort av praktiske grunnar og med lage av riksantikvaren, liksom alle dei andre små endringar. Klokkarstolen som stod attmed preikestolen, festa til sudveggen, vart flutt til den andre sida av koret der prestestolen stod.

Skipet: Dei 2 murpipur vart rivne ned og nye sett opp att med steypte fundament under. To nye omnar vart sette inn. [slik at dei fekk nokolunde eins] I det nordre tverrskip Bjørnomn frå Drammens jernstøberi. I vestskipet "Smeden" frå Eidsfoss verk. Stolane i skipet vart sette inn slik at dei fekk nokolunde eins mellomrom. Seta vart gjort breiare. På mannssida nytta ein dei gamle seta, men på kvinnesida vart det gjort nye då dei gamle vart for stutte sidan skipet vart oppskrura. Stolvangane er dei same. "Dåpsstolen" som stod attom preikestolen og mellom klokkarstolen vart nedriven avdi ein fann ut at han ikkje høyrde heime der. Det synte seg at noko av denne stolen var

Underdel av truestolen som stod ved sakresti dora i koret. Truestolen vart so flutt fremst på kvinne sida der han hadde stade frå fyrsten av og sett saman med den del som vart funnen i dåpsstolen. Resti av dåpsstolen vart sett på loftet. Denne plaseringen av desse stolar skriv seg truleg frå den tid ein sette omn inn i kyrkja. Truestolen vart då fjerna frå sin plass for å gjeva plass for omnen. Noko av han som ein ikkje hadde bruk for då han vart sett att ved korveggen ved sakristidora, vart sett saman med andre delar til dåpsstol. Omnen (4 etasjeomn) som stod der som truestolen no stend skygde mykje for koropningen. Av den grunn vart den nye omn sett i det nordre tverrskip. Vinkel-trappa til preikestolen som likeeins skygde for koropningen vart gjort rett. Gesimserne på den nedre del av trappegelenderet er gjort nye. Preikestolen vart flutt litt innetter mot koret, likeeins baldakinen.

__Galleriet:__ Dei to bruer (pasasjer) som gjekk frå

orgelgalleriet til nordre og sundre galleri vart fjerna. Dei var komne til i ei seinare tid og skjemde heilt interiøret. Dei to fyllingar med apostel figurar som vart fundne på loftet, vart sette på plass att i den nordvestre galleri hyrna. I det sudvestre hyrna vart det gjort nye fyllingar då dei gamle ikkje var å finna. På båe desse galleria vart det gjort heilt ny innreidnad. Den gamle innreidnaden var for det meste bordstumpar og treklossar som gjorde teneste til stolsete. Alt dette vart fjerna. Stolvangane som nå er på det sundre galleri vart tekne frå det nordre tverskip der den store omnen vart plasera. Vangarne på det nordre ~~tverskip~~ galleri vart fundne på sudgalleriet under bordstumparne der. Det er truleg dei fyrste stolvangar som hev vore i kyrkja. Til desse galleri vart det gjort trapper som gjeng opp frå tverskipi, slik var det og frå fyrst av. Folk minnest godt då troppa i det norde tverskip vart fjerna og nord galleriet vart bunde saman med orgelgalleriet

med ei bru i kyrnet. Derimot kunde ein ikkje minnast då brui til sudgalleriet vart gjort og trappa der fjerna. Innreidnaden på orgelgalleriet vart det ikkje gjort noko med då denne var nok så bra.

Våpenhuset vart oppskruva og ny grunnmur sett under. Det vart lagt nytt golv (av dei gamle golvtiljor frå skipet) og gjort ny dør. Den gamle døri vart sett på reidskapshuset millom sakristiet og det nordre tverrskipet. Nytt tegelsteinstak. Reidskapshuset (skruet) fekk også nytt golv, tak og grunnmur.

Sakristiet var alt volt hausten 1931. Det vart teke ned heilt til grunnen. Det fekk også heilt ny grunnmur. 6 nye stokkar vart innsette. Under det gamle golv vart det lagt stubbegolv med sandfyll. Under vegg-panelet vart det lagt papp. Dei rotne bord i himlingen vart innbytte med nye (det var berre nokre bordendar som var rotne). Yver himlingen

vart det lagt papp med sagflis yver. Sakristiet fikk vidare nytt tro og nytt tegl-steinstak. Vindaugo fekk små rutor med antikk-glas. Før var der store rutor - 4 i kvart fagg.

Målararbeid. I skipet vart glaskarmar og listar heilt nymåla, likeeins i sakristiet. Den blå veggmålingi i skipet vart flikka her og der og vaska yver med saup (bleng) so kolloritten vart jamnare. Stavgrimorne vart brunmåla, likeeins vangstokkarne (dvs. dei stokkar som stolvangane er festa i.) Elles hev skipet si gamle måling som fyrr. Tårnet vart brunmåla i 1929. Fyrr var det kvitmåla.

År 1933: I koret vart dei gamle dekorasjo-nar framkalla og uppfriska. Dei hadde i si tid (ca 1770) vorte overmåla med blågrå måling. Denne måling vart so fjerna. Dekorasjona-ne som var under synte seg å vera frå 1683. Dette årstalet vart funne på ein laftende i

i korgopninga attum preikestolen. Døri til koret som i si tid hadde vorte snudd ut, vart snudd innatt som fyrr. På utsida av døri vart framkalla to figurar med ein drue-klase millom seg (speidarane i Kana?) Bi-leti vart svert medtekne (forvitra), men dei let seg rekonstruera, då konturane var klåre. Vendels Epitafium som stod aust i hyrna av den nordaustre korvegg, vart flutt til den nordre vegg i den austre ende av skipet der den gamle omsmur hadde stade. Under epitafiet vart funne ein rosett av den gamle dekorasjon. Den hadde halde seg godt og var akkurat som ny. Rosetten der er no den einaste originale som er att frå den gamle måling. Ein vil finna han i det nordaustre hyrna av nordveggen. Nemnde epitafium vart konservert. Altertavla vart opp-pussa og likeeins konservert. Alt dette arbeid (i koret) vart utført i 1933 av kunstmålar

Alfred Hagen Oslo, med godkjenningav riksantikvarien og departementet. Dei to rosettar m.m. på den austre korvegg, der dei att-timbra vindauga er, vart nykonstruerte av Hagen. Til dekorasjonane vart det nytta limfarge som det fyrr hadde vore gjort.
Borchs portret vart flutt frå den nordre korvegg til den austre vegg i det sundre tverrskip.
Kyrkja vart tjørebredd utvendig det året. Vindaugsprøysorne vart raudmåla, fyrr var dei kvite.
Krusifikset som hang på den sundre korvegg vart plasert på korbogen til vinstre for epitafiet der. Det vart fargerestaurert i 1929 i Oslo. Det trekanta toppstykke som stend over Vendels epitafium vart funne av underskrivne (O. Urdahl) på korloftet. På det er måla ein basunengel. Det har truleg vore toppstykket av ei altertavle.
Det som vart funne av antikvarisk interesse

under restaureringa:

Den gamle altarpall (forhøining) som vart fjerna var bygd upp av tiljar frå det gamle kor. Stavtiljorne som ialt var 8 i tal var vent måla. Mynstri er nokonlunde dei same som dei som vart framkalla i det noverande kor. For tidi stend desse tiljor på det store stabbur her på prestegarden, men det er meiningi å flytta dei til kyrkjeloftet. Under golvtiljorne i koret fanst ein likkjellaren. Han hadde timbra veggjer, men dei var no nedrotna og sanden hadde fyllt mykje av kjellaren. Liki vart uttekne i 70-åri og gravlagde i den nordvestre krå utanfor kyrkja. Eg tala med Lærar P. Træen som var tilstades då liki vart uttekne og gravlagde. Kistorne vart so medtekne at dei falli stykker so snart ein rørde ved dei. I likkjellaren var det no berre att nokre beinrester (eit vakse manns kranie og to av barn) og kistestumpar

av eik og furu, tilstasa med jarnbeslag og Kristusmonogram. Ein del av desse beslagi og monogrammi vart lagt i ei kasse og havt på loftet. Beinrestane og kistestumpane vart gravne ned i sanden der i kjellaren. Under altaret heilt nede på grusen vart funne to steinkrossar. Dei låg um kvarandre. Den eine som det berre var ein del av vart sett attmed kyrkjegards hellorne (muren) på nordsida av kyrkjegarden. Den andre som var so godt som heil (berre eit lite stykke av foten var brotna av) vart staypt i eit fundament og sett utanfor den nordre gavel av tverrskipet. Fundamentet vart dekt med torv og jord til ein haug. Det var meiningi at denne gamle krossen skulde stå på sokneprest Brock si grav som etter tradisjonen låg noganlunde der (helst norast sakristiet). Fellesgravi av dei som vart flutte or likkjellaren låg ikkje slik at krossen kunde verta sett der. Der skulle

han i grunnen vore. Men i kråi der som nemnt vart det fykt for snerao av kyrkje-taket. Vidare vart det funne nokre dreiå toppspiror av ein eller annan gjenstand (frå ei altartavle eller stolar?) - ein ljosaur med tinbeslag på ljospipa (truleg av ei ljose-krune) Dette vart lagt i den nemnde kasse. Dei gamle golvtiljor i koret vart lagt ned-att og tenerno som stubbegolv.
I skipet under golvet der fann ein og dei gamle golvtiljor. Dei som låg i midtskipet (midtgangen) vart pussa på og nedlagde att. Dei andre tiljor som var under stolarne vart ikkje nedlagde att der, men vart nytta til golv i våpenhuset og til ymse anna. I tverrskipi var der ikkje slike golvtiljor, (kloyvingar) men vanleg golv (bord). Etter sagnet skulle det vera ein kjellar også i skipet, men ein fann ingen. Ifall måtta han då ha vore attfylkt under ein golv-

reparasjon. Eit og anna mannebein fann ein der. Ein fann også leivder av det gamle ~~golv~~ jordgolv. Det var bek (tjøra) i det og det var svært hardt. Under spreklcarne i det gamle plankegolv (tiljar) vart funne trespilor på ca. 40 cm. lengde. Spilorne var kvesste til ein spiss i den eine enden. Det var ei heil mengd av dei, aller mest på kvindesida under dei største golvsprekkor. Dei må truleg ha vore til eit slags magi. Ein del av dei vart samla upp og lagt i eit rum under golvet til altarpallen. Under klokkarstolen vart funne nokre sylv- og koparmyntar, ein og to skillingar. Ein toskilling i kopar hadde årstalet 1677, fem andre 1786, ein skilling og ein toskilling i kopar hadde årstalet 1771. Ein 1 skilling og ein toskilling i sylv 1762 og 1703. Desse myntar, 10 i talet vart lagde i ei lita blekkøskje som atter vart lagt i den store runde treøskja som er i altarskåpet. Under bordkledningen på koret utvendig fann

lin dekorasjonar i raudt og svart på lofti
yver vindaugo. Dei hadde vorte mykje av-
trogne under utvidingane av vindaugo i 70-
åri. Det hadde vore 3 slike små vindaugo
ialt, to på austveggen og eit på sudveggen.
Dei store vindaugo frå 70 åri vart innbytte
med mindre i 1920. Det sundre vindauga
som no er i koret skriv seg frå den tid.
Alt dette istandsetjingsarbeidet vart utført
etter undertegnede sin plan og insjativ. Pla-
nen vart godkjent av riksantikvaren. Sjølv
førde eg tilsyn med arbeidet. Det var eit
heilt strev so lenge det stod på, men på same
tid var det lærerikt og interessant. Arkitekt
Fustad Oslo, var av departementet sett til å
ta vare på den antikvariske sida av dette
arbeid. og hadde si løn for det av det offent-
lege. Byggmeister J. Hove, Vik i Sogn, stod i
brodden for uppskruving av kyrkja. Dei
andre arbeidarar var Hans Linås, Peter J.

Solberg, Nils Fugleåsen, Nils Teigen utførte
snikkararbeidet. Dessutan var det ein del
handlangarar. Ole T. Bråten valte grunn-
muren. Tore Eggerud gjorde målararbeidet i
skipet. Han hjelpte også til med fargerestau-
rering i koret.
Midlar til alt dette fekk ein på den måte:
Rollag kommune fekk eit lån hjå Olav Prest-
moen på kr. 6000. Ca kr. 1200 vart teke
av rentone av kyrkjefondet. Til fargeres-
taurering i koret gav Olav Prestmoen kr. 2500
ei ven gåve. Rollag bondekvinnelag gav kr.
500,- til upp-pussing av altartavla - og so
ei ven gåve. O. Urdahl.

Rollag kyrkjegard.

År 1932 vart det lagt vassleidning på kyrkje-
garden (av jarnrøyr) kosta av Rollag bonde-
kvinnelag. Anlegget kosta ialt kr. 417,80. I
1933 gav Bondekvinnelaget 4 hagebenkjer

til kyrkjegarden, kostar kr. 34. I 1936
vart den nordaustre del av kyrkjegarden
planera og tilsådd med grasfrø. 1 blod-
bok og 2 cypressar vart planta. Likeins
vart det planta bjørketre langs den nord-
austre kyrkjegardsmur og prydtre ved dei
to portar. Dette vart og kosta av Bonde-
kvinnelaget. Plantarne kosta kr. 20.

Avskrift v/ Berit Mogan, Risteigen, 3628 Veggli